

Rapport etter tilsyn

Rapport	
Rapporttittel Gassled – Tilsyn med rettighetshavar si påseplikt – Sval Energi AS	Aktivitetsnummer 003000035
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlegheit	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Trond Sundby
Deltakarar i revisjonslaget Semsudin Leto, Kjell Arild Anfinssen, Bryn A. Kalberg, Trond Sundby	Dato 12.6.2020

1 Innleiing

Tilsynet vart planlagt og varsla med CapeOmega 19. mai og Sval Energi AS 20. mai 2020. På grunn av pandemisituasjonen vart tilsyna gjennomført utan fysisk frammøte, men med digitale løysingar (nettmøte) der gjennomføringsplanen var tilpassa dette. Det er ein separat rapport til kvart av selskapa etter tilsyna.

2 Bakgrunn

Tilsynet er forankra i Arbeids- og sosialdepartementet sitt tildelingsbrev til Petroleumstilsynet, kapittel 3.1 om at risikoen for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast. Bakgrunnen for tilsynet er den strategiske viktigheten av gasstransportsystema med landanlegg, potensialet for storulykke og ei rekke tekniske og organisatoriske grensesnitt. Det har over fleire år vore ei endring i aktørbiletet og fokus til selskapa i Gassled i tillegg til at det er ei rekke pågåande og planlagde prosjekt som kan medføre eit endra risikobiletet.

3 Mål

Målet for tilsynsoppgåva var å følgje opp selskapet si eiga vurdering av det som angår styring av storulykkerisiko. Vi ville og få ei betre forståing av korleis styring av storulykkerisiko inngår i selskapet si heilskaplege risikostyring og korleis selskapet oppfyller krava til påseplikt. Det er i denne samanhengen blant anna av interesse å få innsyn i kva selskapet baserer seg på for å halde nødvendig oversikt over storulykkerisiko som ein er eksponert for, og kva selskapet gjer på dette grunnlaget.

4 Resultat

I varselet til tilsynsaktiviteten stilte spørsmål om korleis leiinga i Sval jobbar målretta med å redusere storulykkerisiko og demonstrerer at selskapet på selskapsnivå:

- *får fram og vurderer relevant kunnskap om selskapet si sårbarheit i forhold til storulykker, og tar dette i bruk i strategiske val, planar og beslutningar i selskapsleiinga;*
- *vurderer konsistens mellom selskapet sine mål og strategiar og eksponering for storulykkerisiko;*
- *tek beslutningar som, enkeltvis og samla, ikkje går på bekostning av selskapet sitt mål om lavast muleg storulykkesrisiko;*
- *forsikrar seg om at selskapsleiinga si merksemd mot å redusere storulykkerisiko, får tilsikta effekt;*
- *legg til rette for og følgjer opp kapasitet og kompetanse i organisasjonen med omsyn til å handtere risiko for storulykker og gjer nødvendige eigenevalueringar;*
- *nyttar erfaringar til læring frå hendingar*

Spørsmåla vart besvarte med dokumentasjon sendt over i forkant av møtet, presentasjonar og gjennom spørsmål og diskusjonar i møtet. Sval viste at dei har etablert formelle prosessar for styring av prosjekt, risiko, endringar, storulykke og kapasitet og kompetanse

Staten har, i medhald av petroleumslova, eigedomsrett til petroleumsressursane og eksklusiv rett til ressursforvaltning. Petroleumsressursane skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv slik at dei kjem heile det norske samfunn til gode. Gjennom konsesjonssystemet gir staten løyve til å drive petroleumsverksemd, herunder løyver til anlegg og drift av gasstransportsystem. Gassled er eit interessentskap som eig størstedelen av gasstransportsystemet knytt til norsk kontinentalsokkel. Gasstransportsystemet består av røyrleidningar, plattformar, prosessanlegg på land og mottaksterminalar i utlandet. Systemet blir nytta av alle som har behov for transport av norsk gass. Gassco er ein nøytral og uavhengig operatør av gasstransportsystemet inkludert Gassled, med eit særskilt og eit alminneleg operatøransvar. Gassco vart oppretta i 2001, og Staten eig 100 prosent av selskapet. Gassled vart etablert i 2003 ved ei samanslåing av fleire separate transportsystem, og blir drive på grunnlag av løyver etter petroleumslova § 4-3 eller tidlegare tilsvarande bestemmelse, på nærmare fastsette vilkår og underlagt staten sin styringsrett.

Gassled blir av aktørane skildra som ein komplisert lisens med ei stor og variert portefølje. Det er og ei rekke tekniske og organisatoriske grensesnitt på tvers av landegrensar med ei rekke involverte selskap og myndigheiter.

Etter ei større endring i samansetninga i Gassled tidleg på 2010-talet, der dei typiske olje-/gass-operatørselskapa selde seg ut og deira eigardeler stort sett vart overtekne av infrastruktureigarselskap, så har det likevel vore ei diversifisering i samansetninga

av eigarane der dei har noko ulik bakgrunn, investeringsprofil og kompetanse. Dette er sentralt i eigarskapsmodellen for gassinfrastrukturen og Gassled for å kunne oppfylle målsettinga om å halde eit høgt nivå for helse, miljø, sikkerheit og beredskap og gjennom dette også bidra til å skape størst muleg verdiar for samfunnet.

Sval (tidlegare Solveig Gas Norway) har vore med som eigar i gasstransportsystemet sidan 2011. Dei har vore ein aktiv eigar i oppfølginga og i forvaltning av eigarskapet og dei har i dag ein eigardel på 15,6% i Gassled. Dei var tidleg inne som eit av dei større infrastrukturselskapa som kjøpte seg inn i Gassled og har gjennom det teke ei leiande rolle for å organisere og samordne eigarsida.

Dei har over åra bygd opp ein organisasjon for å handtere eigarskapet. I tilsynet vart det presentert både kapasitet og kompetanse i selskapet. Dei har ei rekke personar med erfaring frå ulike deler av petroleumsverksemda. Organisasjonen har vokse med auka aktivitet og er i følgje selskapet godt tilpassa det eigarskapet dei har. Dei har ein kjernekompetanse som er nødvendig for å handtere eigarskapet, kombinert med ein lav terskel for å knyte til seg nødvendig kompetanse ved behov. Dei presenterte og korleis dei har kartlagt og styrer kompetansen i selskapet. Dei understreka at deira involvering i andre deler av petroleumsverksemda og andre industrisektorar er viktige både som ei diversifisering av kompetansen i selskapet og økonomien.

Møter er ein sentral arena for oppfølging og utøving av eigarskap sitt, kombinert med ei aktiv oppfølging av informasjon på License2Share. Gjennom eigarskapsavtalen så har ein definert samhandling og ansvar mellom dei involverte partane som omfattar dei andre eigarane, Gassco og deira tekniske tenesteytarar (TSP). Det vart og informert om dialog med og involvering av skiparar ved behov.

Som eigar er Sval med og påverkar risikovurderingar og prioriteringar i Gassled. Gjennom presentasjonar av risikomatriser såg vi ein samheng mellom Gassco/Gassled sitt risikobilete og Sval sitt risikobilete samtidig som ulikheiter vart forklart. Storulykke har høgt fokus i Gassled og i Sval og dette er ein av fleire tema ein rapporterer på til sitt styre og sine eigarar. Konkrete eksempel vart presenterte og ein viste til Gassled sine ytelsesindikatorar (KPIar) og systemet for barriere KPIar i tillegg til Sval sine egne interne KPIar.

Det vart understreka av Sval at dei har ein lang investeringshorisont i Gassled. Sjølv om lisensen per i dag berre går til 2028 så ser selskapet langt forbi det tidspunktet for drift av gasstransportsystemet med omsyn på investeringar og integritet for infrastrukturen. Dei har fått utført studiar som ser på framtidige volum ved nokre av landanlegg og gasstransportsystema.

I tilsynet presenterte Sval eksempel på direkte involvering i spesifikke saker og tema knytt til korleis operatøren Gassco styrer risiko og kompetanse, barriereintegritet,

oppfølging gjennom tilsyn og granskingar, elektrifisering og framtidig landfallsløysing for Statpipe. Dei viste og korleis selskapet driv påverknad gjennom aktiv deltaking i møter, tilsyn og inspeksjonar, og er med og bidreg til erfaringsdeling og kompetanseheving. Dei trekte sjølv fram sårbarheitsanalysar og erfaringar frå sin forsikringsmeglar som blir aktivt nytta inn i Gassled. Det vart og vist og forklart korleis Sval, CapeOmega og Silex har ulik spisskompetanse og styrkar som dei brukar aktivt i forbetningsarbeidet i Gassled.

Storulykke var eit gjennomgåande tema i tilsynsaktiviteten og eit mål var å sjå korleis selskapa bidreg til å redusere risikoen for storulykke og sikrar at ein opererer i samsvar med interne krav og krav i forskrifter. Eit viktig tema for samordning av krav er prosessar for endringsstyring og handtering av avvik. Med kompliserte grensesnitt, både teknisk og organisatorisk, som det er i Gassled, så er handtering av avvik og dispensasjonar ei utfordring. Det er ei forventning om at det er ei einheitleg oppfølging av heile gasstransportsystemet inkludert landanlegg og terminalar. Det vil vere enkelte nasjonale myndigheitskrav som vil med føre nokre skilnader, men overordna vil det vere hensiktsmessig å samordne krav best mogeleg (til dømes for teknisk tilstand, barrierestyling, korrosjon under isolasjon osv.)

Vi har tidlegare adressert både Operatøren (Gassco) og tekniske tenesteytarar (TSP) om samordning av krav mellom operatør, TSP og eigarar og at ein sikrar at avvikshandsaminga blir gjort på rett nivå (krav frå TSP – operatør – eigar – myndigheiter).

5 Observasjonar

Vi har to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

Forbetningspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

Tilsynet vart gjennomført som eit dagsmøte der Sval presenterte tema som var avtalt på førehand. Det vart ikkje gjort spesifikke verifikasjonar i tilsynet. Det vart ikkje påvist nokre avvik eller identifisert nokre forbetningspunkt i tilsynet.

6 Deltakarar frå oss

Bryn A Kalberg	Fagområde logistikk og beredskap
Semsudin Leto	Fagområde HMS-styring
Kjell Arild Anfinsen	Fagområde konstruksjonssikkerheit
Trond Sundby	Fagområde konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegginga og gjennomføringa av tilsynet:

- Sval Energi presentasjon i tilsynet
- Sval Energi organisasjonskart
- Oversikt over prosessar i Sval Energi sitt styringssystem, inkludert eksempel på relevante prosessar og forretningsområder
- Prosess for oppfølging av lisens (Follow-up licence)

Vedlegg A - oversikt over personell i tilsynet